



FJELL UNGDOMSSKULE

TLF: 55097700 FAX: 55097701  
E-post: fjellungdomsskule@fjell.kommune.no  
Telefon:55097700  
Bjørkestølen 41  
5353 STRAUME

<RESPEKT>  
GIR RESPEKT

## Tentamen november/desember 2011.

No går vi inn i ei tid med tentamenar her på FUS.

Her kjem oversyn på datoar / fag og nokre felles reglar vi har vorten einige om.

10. trinn har vanleg skule når 8. og 9. trinn har tentamen. 8. og 9. trinn har vanleg skule når 10. trinn har tentamen. 8.trinn har vanleg skule fram til klokka 12.00 dei to dagane tentamen startar klokka 12.00.

ONSDAG	09.11.11	Norsk hovudmål	8.og 9.trinn	09.00 – 14.30
TORSDAG	10.11.11	Norsk sidemål	8. trinn	12.00 – 14.30
			9. trinn	09.00 – 14.30
MÅNDAG	14.11.11	Norsk hovudmål	10.trinn	09.00 – 14.30
TYSDAG	15.11.11	Norsk sidemål	10.trinn	09.00 – 14.30
ONSDAG	16.11.11	Engelsk	8. trinn	12.00 – 14.30
			9.trinn	09.00 – 14.30
TORSDAG	17.11.11	Engelsk	10.trinn	09.00 – 14.30
TORSDAG	01.12.11	Matematikk	10.trinn	09.00 – 14.30
FREDAG	02.12.11	Matematikk	8.og 9.trinn	09.00 – 14.30

Dei dagane elevane har norsk og engelsk er det viktig at dei har med seg ordbøker.

Når det gjeld matematikk må dei ha med seg: linjal, gradskive, passar, kalkulator OG mattebøkene. Og sjølvstøtt vanleg skriveutstyr til alle dagane.

Elevane på 8 og 9. trinn må sitja i tentamensromma til klokka 11.00 dei dagane dei har heildagsprøve.

10. trinn kan gå etter kvart når dei er ferdig (slik som eksamen til våren).

Skulen opnar eit venterom klokka 11.00 for dei elevane som ikkje kjem seg heim før med vanleg skulebuss. Her vert det tilsyn og dei kan t.d. gjera lekser, men då må dei ha med seg bøkene dei treng. (Skulebussen går til vanleg tid).

Det er ikkje lov å nytta mp3 spelar eller liknande. Mobiltelefonen skal som vanleg ligga avslått i sekken.

Kantina vil vera open, men med avgrensa vareutval. Det vil seia at det vert sal av produkt frå Tine og salet vil vera i gangen under kantina frå klokka 11.20 til 11.40. Frukt hentast som vanleg.

Det er viktig at elevane har med seg god mat og drikke. Elevane skal ikkje ha med seg snop, chips og brus. Dei kan ha med seg t.d. frukt, kjeks, juice, te og god matpakke.

LYKKE TIL MED TENTAMEN